



Ivar og Atle (stående) orienterer (frå venstre) Sigve Solheim frå Valen, Einar Musland frå Uskedalen og Vibeke Teigen frå Husnes

**Matnyttig og godt kurs, som gir den kunnskap ein treng om digital fotografering
Dette er konklusjonen til dei 11 som no deltek i fotokurset til Atle Helland
og Ivar Langeland i Gamleskulen i 3 dagar.**



Bildebehandling er i her i fokus. Til høgre lærar Ivar Langeland. Bak han uskedelingen Torfinn Myklebust. Dei neste ved bordet er Johnny Normann , Frode Blokhus og Per Arne Leirvik – alle frå Husnes.

Dei får undervisning i 15 timar og ettersom dette er kurs nummer 19 som duoen held sidan 2006 er deltakarane sikra eit godt utbytte.

Atle og Ivar jobbar på halvtid som fotografar i tillegg til at dei framleis er sjukehusansatte på Valen.

Deltakarane kjem frå eit stort distrikt med Fusa og Røldal som ytterpunktane.

To er uskedelingar og ellers har elevane adressane Sunde, Valen og Husnes.

Fleire enn 12 bør det ikkje vera på eit slikt kurs.

- Eit digitalt bilete er aldri ferdig rett frå kamera. Vi kan endra lys, fargenyansar, kontrast og tilslutt skarpeheit, påpeika Ivar då dei var kome så langt i skuletimen som til bildebehandlinga.

Elevane behandla sine egne bilete, som dei hadde vore i Baronihagen og ved elva og teke. Det plar vera dårlig ver under fotokursa i Uskedalen, men ikkje under dette kurset og elevene hadde nokon utbytterike timar på historisk grunn.

Duoen har halde kurs i Uskedalen 6 gonger no og kjem gjerne att hvis det passar seg slik.

I februar har dei planar om eitt nytt kurs, men førebels veit dei ikke kvar det skal haldast.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Einar Musland var også med på motivjakt i Baronihagen. (Foto: Torfinn Myklebust)



Her er ordføreren i Kvinnherad under behandling fotografisk!